



Arkivnr: 2014/558-119
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

Temadag 2015 "Universell utforming - tilgjengelegheit for nokre, ein utfordring for andre?" 12.03.2015

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne arrangerer ein temadag 12. mars, i samband med Husbanken si konferanse «Universell utforming – neste generasjon» 11. mars. Rådet har oppmoda dei kommunale råda til å delta på Husbanken si konferanse og har invitert dei til å delta på ein middag same dag og overnatte slik at dei får med seg temadagen.

Administrasjonen har vore i kontakt med:

- Oddvar Skjæveland, arkitektpsykolog
- Ragnhild Aak Skajaa, eigedomsavdelinga HFK
- Fylkesmannen
- Bergen kommune
- Ida Jackson, motivasjonsforedrag

Fleire kommunar har vore i kontakt med spørsmål om påmelding. Temadagen ligg ikkje inne i kurs og konferanse-modulen til påmelding per 20.01.2015 grunna mangel på informasjon om kostnader.

Per 21.01.2015 var det eitt rådsmedlem som hadde stadfesta deltaking på temadagen og det vart derfor vurdert av arbeidsutvalet at rådet var nøydd å utsette arrangementet. Grunna kontakt med hotell og foredragshaldarar var ein tvungen å utsette før ein kunne ta eit vedtak i rådet. Rådet vart informert om dette på e-post.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette temadagen 2015.

Birte Markeseth Aasen
Seksjonsleiar

Ingeborg Borgen Takle
Rådgivevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.